

**VEDTEKTER
FOR
ENERGILAB SOGN OG FJORDANE AS**

- § 1 Selskapet sitt namn er Energilab Sogn og Fjordane AS.
- § 2 Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Førde kommune.
- § 3 Selskapet si verksemd skal vere å tilrettelegge og støtte utviklings- og undervisningsprosjekt innan energi og elkraft i Sogn og Fjordane, herunder å kjøpe inn laboratorieutstyr som vert stilt til disposisjon for aktuelle aktørar og andre bidragsytarar i fylket.

Selskapet skal ikkje ha til formål å gje økonomisk utbytte til eigarane og selskapet sine midlar skal berre nyttast i selskapet si verksemd og for vidareutvikling av verksemda. Det vert såleis ikkje utbetalt utbytte til selskapet sine aksjonærar. Ved avvikling av selskapet skal selskapet sine midlar tilfalle formålet som er å støtte utviklings- og undervisningsprosjekt innan energi og elkraft i Sogn og Fjordane. Selskapet sitt styre ved avvikling avgjer kva formål innanfor vedtektene som midlane skal tilfalle.

- § 4 Selskapet sin aksjekapital er NOK 100 000 fordelt på 1 000 aksjar, kvar pålydande NOK 100.
- § 5 Selskapet sitt styre skal bestå av 1-5 medlemmer
- § 6 For øvrig vert det vist til den til einkvar tid gjeldande aksjelovgivning

(endra i generalforsamling 18.06.2015)